



## **Arbeidsplan 2009/2010. Vedteken på Årsmøtet 19.06.2009**

**IS Fjordvegen skal verta den viktigaste reiskapen for regionar, kommunar og bedrifter til å skaffa midlar til fullverdig riksvegstandard med gul stripe på Rv 13.**

### **1. Marknadsføring av I/S Fjordvegen gjennom Prosjekt Rute 13:**

-Prosjekt Rute 13 skal vera operativ organ for informasjon, påverknad og medlemsrekruttering.

### **2. Påverknad og oppfølging av statlege og fylkeskommunale vedtak gjennom rute 13.**

- Styremedlemmene skal ha særleg ansvar for å følgja med i kva som skjer med planar og framlegg til tiltak langs Rv 13 og rapportera til styret på styremøta.

- Styret skal vareta interessene til Rv 13 med innspel til Vegvesenet, Fylkeskommunane, Vestlandsrådet og Stortinget.

### **3. Skaffa midlar til utvikling av Rv 13.**

-Arbeida for at dei midlane som er i tilråd i NTP 2010-2014 i samband med RV 13 vert teke med i handlingsplanane.

-Fremja IS Fjordvegen sit syn på prioriteringa av avsette midlar.

-Arbeida for alternativ Norsk vegfinansiering som må medføra tiltak langs Fjordvegen

### **4. Skapa forståing av Rv 13 som den indre Fjordvegaksen på Vestlandet.**

-Følgja og påverka utviklinga av riksvegprioriteringane i Statens Vegdirektorat og fylkesvegprioriteringane i dei 3 fylka. I det arbeidet vidare må Bratlandsdalen også ha fokus..

-Støtta arbeidet med Vikafjellstunnel.

-Arbeida vidare med at Vadheim - Dragsvik, får stamvegstatus som gjennomgåande akse mellom Fjordvegen og stamvegane aust - vest.

-Følgja opp kommunane sin fokus på vegstandaren Rv 13 Balestrand-Gaularfjellet-Førde.

-Trykkja på for at dei auka midlar til rassikring kjem Rv 13 til gode.

### **5. Samarbeida med Nasjonalt Turistvegkontor og reiselivsselskap om vidareutvikling av Turistveg Ryfylke, Turistveg Hardanger og Turistveg Gaularfjellet.**

-Organisera eit fellesmøte mellom IS Fjordvegen/Rute 13 og reiselivs/destinasjon-selskap lang RV 13

### **6. Rekruttera 10 nye bedriftsmedlemmer i 2009 og 5 i 2010**